

# Årsmøte Vikedal Bygdahus 2023



## Møtereferat

14.03.2024

Til stades:

- Vigleik Bakkedal – Vindafjord IL
- John Sigve Matre – Vindafjord IL
- Erling Halleraker – Vindafjord IL
- Geir Magne Espevoll – Vikedal skyttarlag
- Georg Opsal – Vikedal Bondelag
- Svein Bjarte Holten – NMK Vikedal
- Johannes Holten Leifsen – NMK Vikedal
- Asle Øverland – NMK Vikedal
- Sten Jogeir Særsten – Vikedal Båtföreining
- Erlend Nesheim – Vindafjord Pistolklubb
- Tone Helen H. Halleraker – Vikedal Ungdomslag
- Stina Kvaløy Krokedal – Vikedal Ungdomslag
- Daniel Roda Espevoll – Vikedal Ungdomslag
- Liv Haugland – Vikedal Ungdomslag
- Nils Erik Eide – Vikedal Ungdomslag

Desse laga møtte ikkje med representantar til årsmøtet:

Vikedal Dykkarklubb,  
Vindafjord Røde Kors

### 1. Opning av møte, val av to til å skrive under referat

Totalt er det 22 delegat som er representasjonsskapet i Vikedal Bygdahus, på årsmøtet møtte 15 stk. Vedtektene seier at det må minimum vera 2/3 oppmøte for at årsmøtet skal vera stemmeberettiga.

**Vedtak:**

25 av 22 er over 2/3 så årsmøtet stemmeberettiga.

Geir Magne Espevoll og John Sigve Matre blei valde til å skrive under referatet.

### 2. Årsmelding

Styret leste opp årsmelding, årsmøtet fekk moglegheit til å stille spørsmål fortløpande.

**Vedtak:**

Årsmelding blei samrøystes vedtatt.

### 3. Rekneskap 2023

Årsmøtet ber styret reforhandlar leigeavtalar med Vindafjord kommune og Vindafjord Idrettslag om leiga. Denne har ikkje vore justert sidan 2011.

Årsmøtet ber også styret om å reforhandla avtalar med sponsorar om dei framleis vil ha reklameskilt i hallen. Prisar må justerast opp til dagens standard.

Ein ber også styret om å jobbe meir med å få leigd ut bygdahuset som igjen vil gi meir inntekt til huset.

**Vedtak:**

Rekneskapen for 2023 blei vedtatt med merknadane ovanfor. Årsresultat minus 142.531 kr.

### 4. Budsjett 2024

Styret presenterte ikkje budsjett for 2024 på årsmøtet.

**Vedtak:**

Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeida budsjett for 2024 på dei første styremøta etter årsmøtet. Så snart som mogleg skal budsjettet sendast til medlemslaga på e-post til godkjenning.

### 5. Val 2024

**Styret:**

Johannes Holten Leifsen 2 år

Erlend Nesheim 1 år

Asle Øverland 2 år, kasserar

Ina Helmers 2 år

Nils Erik Eide 1 år

**Vara:**

Tone Helen H. Halleraker 1 år

Håkon Bakkedal 2 år

**Vara/pubkomite:**

Sindre Vikedal 1 år

Daniel Holten 2 år

Jarl Andre Holten Leifsen 2 år

Sveinung Holten Leifsen 1 år

**Valnemnd:**

For å skaffe ny valnemnd for 2024 vart John Sigve Matre, Svein Bjarte Holten og Georg Opsal vald.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtatt. Styret konstituerer seg på første styremøtet.

## 6. Innkomne saker

- a. *Søknad frå Vikedal skule v/ rektor om å utvide tilgang til hallen frå to til tre dagar utan at leiga vert auka*

Vikedal skule 14.3.23

Me har eit stort ønskje om å auke bruken av idrettshallen i Vikedal. Slik me har det no med to gonger i veka låser dette timeplanlegginga og i tillegg er det stor belastning for dei elevane som må ha kroppøving og valfaget fysisk aktivitet på same dag. Dette fører til fire timar med gym i strekk. Fleire av desse elevane går dessutan på fotballtrening seinare på dagen.

Me ønskjer å auke bruken frå to til tre dagar i veka dersom dette er mogleg frå hausten 2023.

Mh Bente Tednes Gjil

### **Vedtak:**

Årsmøte vedtar at skulen kan nytte onsdagane frå hausten fram til ny avtale er reforhandla.

- b. *Ombygging av inngangsparti idrettshall*

Styret ønskte ein diskusjon om moglegheit for ombygging av inngangspartiet til hallen slik at det blir meir brukarvenleg. Det er ofte overfylt av yttertøy, sko og anna som står veldig mykje i vegen når det er mykje aktivitet.

### **Vedtak:**

I staden for å bygge om så jobbar ein for at inngangsparti blir i kortenden ved Kyrkjehølen. Instruks må utarbeidast og sendast ut til laga og brukarar. Det må klargjerast og belyst samt ryddast mm. Det må jobbast for at det er brukarvenleg og naturleg inngangsparti. Gjerne merke med «inngang». Reglar må informerast om tydeleg.

- c. *Oppretting av gruppe for arbeid med veggjar på idrettshallen*

Det er ønskje om å få til ei gruppe som jobbar for moglegheitar for å utbetre fasaden til idrettshallen, fasaden blir mykje kommentert og den tek seg ikkje så fint ut.

### **Vedtak:**

Vigleik Bakkedal og Geir Sigve Krokedal blei samrøystes vald til denne gruppa.

- d. *Styret lagar dugnad for oppussing salen, gulv og vegger*

Vikedal Ungdomslag ønskjer å ha ekstra fokus på denne delen av huset og får mynde til å gjennomføre rydding og oppussing mm. V.U.L informerte om planar for amfi som laget har kjøpt inn.

### **Vedtak:**

Årsmøtet gir V.U.L fullmakt til å lage planar for gjennomføring av oppussing og anna i salen, samt lage ein plan for amfiet og presentere dette for styret/årsmøtet.

e. *Innkjøp av bord og stolar*

Det er ønskje om å gå til innkjøp av stolar og runde bord. Runde bord gir meir fleksibilitet og det er meir stilfullt ved arrangement.

**Vedtak:**

Styret får fullmakt til å jobbe vidare med dette: antal, prisar og anna.

f. *Få juletreffestkomiteen inn under Vikedal Bygdahus*

Det er ønskje om at Vikedal Bygdahus administrerer kontoen til juletreffestkomiteen. Komiteen held likevel fram som før.

**Vedtak:**

Samrøystes vedtatt

g. *Ombygging av baren*

Det er ønskje frå pubkomiteen om ombygging av baren slik at den blir meir praktisk ved arrangement.

**Vedtak:**

Pubkomiteen får ansvar for å utarbeida eit forslag med teikningar og prisar som blir presentert for styret.

h. *Kjøkken, ny industritopp*

Det er ønskje om å gå til innkjøp av ny industritopp på kjøkkenet. Den gamle som er er lite praktisk og det er ofte behov for meir kapasitet ved arrangement.

**Vedtak:**

Styret får fullmakt til å vurdera innkjøp innanfor budsjettet som skal utarbeidast.

i. *Utleige av hallen*

Reforhandla avtalar og lage rutinar for bruk av hall generelt (idrettslaget helger), gjerne bruke Vipps for kvar bruk, feks 200 kr per påbegynte time basert på tillit. Nøkkeldordning må også sjekkast opp i.

**Vedtak:**

Styret jobbar vidare med dette og ser på moglegheiter for å få på plass rutinar for utlån samt å reforhandla dei ulike avtalane kring utleige.

j. *Innspel frå Vikedal Båtföreining om ønskje om ein enklare versjon av sommarfestivalen*

Dei har eit ønskje om å gå tilbake til «Sommarfestivalen» som den var før med fiskefestival og stands i havna. Pubkveld kan arrangerast på bygdahuset på kvelden, noko som gjer at ein ikkje treng alle dei strenge krava til vakthald og gjerder mm. Båtföreininga tek ansvar for havna og bygdahuset arrangerer pubkvelden er forslaget.

**Vedtak:**

Styret tek dette opp på eige møte med båtföreininga og pubkomitéen med det første for å sjå på moglegheita for at det kanskje kan arrangerast allereie no til sommaren.

k. *Nedvask av huset*

Huset treng ein skikkeleg nedvask.

**Vedtak:**

Årsmøtet gir styret fullmakt til å arrangera ein dugnad for nedvask av huset og anna til våren.

**7. Eventuelt**

- a. Dør i idrettshall har hengslar som er rusta. Dette bør ordnast opp i. Styret tek det vidare til vaktmeister.
- b. Ein bør sjå på moglegheit for kiosksal frå kjøkkenen når det er kampar på kunstgrasbanen. Styret ser på moglegheit for eventuelt å skrifte til skyvevindu som gjer det mogleg å lett opne opp for kiosksal.

17.03.2024

Nils Erik Eide, referent

Underskrift av referat:

Dato: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Geir Magne Espevoll

\_\_\_\_\_  
John Sigve Matre